



Radøy kommune

Dato: 26.09.2017

Vår ref: 17/05578-2

Dykkar ref:

Høyring - Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027

Vi viser til dykker brev dagsett 7. september der de ber om innspel til kulturminneplan for Radøy kommune 2017 – 2017.

Vi takkar for ein grundig plan der også kyrkjene har fått sin naturlege plass.

Vi har berre ein merknad, knytt til eit avsnitt om listeførte kyrkjer på side 14 der det står:
Frå 1. mai 2013 er ansvaret for listeførte kyrkjer overførte til fylkeskommunen. Det er difor fylkeskommunen som skal varslast ved oppstart av planarbeid, ved offentleg ettersyn og i byggjesaker.

Det stemmer at fylkeskommunen har fått overført ansvaret Riksantikvaren hadde for å uttala seg om listeførte kyrkjer sine omgjevnader, men vi minner om at biskop eller bispedømeråd skal ha alle slike saker til uttale, anten kyrkja er listeført eller ikkje.

Riksantikvaren skal uttala seg om listeførte kyrkjer og freda kyrkjer, men når det gjeld **listeførte kyrkjer sine omgjevnader**, skal fylkeskommunen no uttala seg i staden for Riksantikvaren. For freda mellomaldergravplassar, er det Riksantikvaren som er høyringsinstans.

I alle tilfelle, skal biskopen godkjenna endringar på alle kyrkjer, uavhengig av vernestatus og alle tiltak nærmere kyrkja enn 60 m, men han skal først høyra Riksantikvaren og evt. fylkeskommunen før han gjer vedtak på eller ved verna kyrkjer. Bispedømerådet skal uttala seg om tiltak i omgjevnadane mellom 60 og 300 m frå kyrkja. Også dei skal gjera dette i samråd med fylkeskommunen.

Heimel for denne rolla finn ein i *Rundskriv T-3/00 Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø.*

Der står det m.a.:

Både fylkeskommunen/samisk kulturminneråd og bispedømmerådene for saker som berører deres saksområde, er høyringsinstans i plansaker (kommuneplan, reguleringsplan og bebyggelsesplan). Disse kan varsle innsigelse, og senere eventuelt fremme innsigelse om det ikke lykkes å komme frem til en omforenet løsning i planprosessen.

Med helsing

Tore Skæveland
kyrkjefagsjef

Jens Z. Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Radøy Sokneråd - Audun Sylta
Riksantikvaren
Hordaland fylkeskommune

Pb. 8196 Dep
Pb 7900

0034 OSLO
5020 BERGEN

Mottakarar:
Radøy kommune